
N O T A T 2 0 1 2 – 1 4

Økonomien i jordbruksfylka og Rogaland 2010

Trendar og økonomisk utvikling 2001–2010

Tabellsamling 2006–2010

HEIDI
KNUTSEN

TORBJØRN
HAUKÅS

ANASTASIA
OLSEN



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

NILF gjev ut ei rekke publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forsking og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettppublisering).

NILF gjev også ut:

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjett nemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2012–14

Økonomien i jordbruksfylka og Rogaland 2010

Trendar og økonomisk utvikling 2001–2010

Tabellsamling 2006–2010

Heidi Knutsen

Torbjørn Haukås

Anastasia Olsen



Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trender og økonomisk utvikling 2001–2010. Tabellsamling 2006–2010
Forfattere	Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen
Prosjekt	Publisering av distriktstall (D223)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2012
Antall sider	78
ISBN	978-82-7077-829-4
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingsane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

I 2011 feira «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk» 100 år. Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som omfattar om lag 850 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. I samband med at granskinga er 100 år, er det også sett av plass til eit historisk tilbakeblikk

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 78 bruk frå Rogaland og 51 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidrarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland.

Anastasia Olsen, Torbjørn Haukås og Heidi Knutsen har hatt ansvaret for ulike delar av notatet, og Anne Bente Ellevold har ferdigstilt dokumentet for publisering.

Oslo, mai 2012
Ivar Pettersen

Innhold

1 INNLEIING	14
2 DRIFTSRESULTATET FOR JORDBRUKET I AGDER OG ROGALAND 2010	33
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	77
3.1 Resultatmål i jordbruket	77
3.2 Totaløkonomi	1010
3.3 Nettoinvesteringar, gjeld og soliditet	1212
3.4 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	1313
4 DRIFTSGRANSKINGANE GJENNOM 100 ÅR	1717
5 TABELLSAMLING 2006–2010	1919
6 FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA	1779

Figurer

Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område	77
Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke	88
Figur 3.3 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, Jæren og Andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet	88
Figur 3.4 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for ulike driftsformer	99
Figur 3.5 Lønsevne per time, gjennomsnitt for Jæren og Andre bygder samanlikna med landet	99
Figur 3.6 Lønsevne per time, ulike produksjonar, Jæren og Andre bygder	1010
Figur 3.7 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet	1010
Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt, Jæren	1144
Figur 3.9 Prosentvis fordeling av samla inntekt, Andre bygder	1144
Figur 3.10 Nettoinvesteringar i jordbruk per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet	1212
Figur 3.11 Gjeld i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet	1313
Figur 3.12 Gjeldsprosent per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet	1313
Figur 3.13 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering	1616

Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2010	55
Tabell 3.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region	1414
Tabell 3.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Jæren	1515
Tabell 3.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Andre bygder Agder og Rogaland	1515
Tabell 3.4	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer	1515

Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestal, Rogaland.....	20
Tabell 2	Fylkestal, Vest-Agder	23
Tabell 3	Fylkestal, Aust-Agder.....	26
Tabell 4	Områdetal, Jæren alle bruk	29
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer	32
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer	35
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer	38
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekkjøtproduksjon	41
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald.....	44
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk.....	47
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 3 (100–200 daa), alle driftsform.....	50
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 4 (200–300 daa), alle driftsform.....	53
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 5 (300–500 daa), alle driftsform.....	56
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekkjøtproduksjon.....	59
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald.....	62
Tabell 16	Fylkestal, Aust-Agder, potet og grønsakproduksjon	65
Tabell 17	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. under 15 årskyr	68
Tabell 18	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. 15–19,9 årskyr	71
Tabell 19	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. f.o.m. 20 årskyr	74

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overtaken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspeil til offentleg politikk og forvalting. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltarar bruk redusert. I 2010 var det i alt med 835 bruk i driftsgranskingane, dessutan leverte 34 samdrifter data til undersøkinga. Tal frå samdrifter blir handsama separat og er ikkje med i driftsgranskingsmaterialet. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Statens landbruksforvaltning. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltarar bruk skifta ut.

Det var 51 bruk frå Agder-fylka og 78 bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskingane i 2009. Dei 129 brukna er fordelt på to regionar, *Jæren* med 49 bruk og *Agder og Rogaland andre bygder* med 80 bruk.

Kapittel to inneholder den årlege pressemeldinga for Agder og Rogaland som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2010. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. I kapittel fire har vi teke inn litt om historia til driftsgranskingane gjennom hundre år. Kapittel fem er sjølve tabellsamlinga som inneholder tal frå driftsgranskingane for Agder og Rogaland for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for *Jæren* og *Agder og Rogaland andre bygder*, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionene. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjett-nemnda i jordbruket

2 Driftsresultatet for jordbruket i Agder og Rogaland 2010

Hovudtendensar:

- Nedgang i jordbruksinntekta på Jæren, svak auke i resten av Rogaland og Agder
- Sterk nedgang i nettoinvesteringane, men aukande gjeld

Jordbruksinntekta til jærbondene har gått noko ned dei siste to åra, men Jæren er framleis den regionen i landet med høgast jordbruksinntekt. Frå 2009 til 2010 gjekk jordbruksinntekta ned med åtte prosent og var kr 259 900 per årsverk. I resten av Agder og Rogaland auka jordbruksinntekta ned med to prosent frå 2009 til 2010, til kr 221 900 per årsverk.

Jordbruksinntekt er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruken. Driftsgranskingsane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av bruk frå heile landet. I 2010 var det i alt med 835 bruk med i driftsgranskingsane. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Rogaland og Agder andre bygder». I alt var det med 49 bruk frå Jæren og 80 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

Bruka med **mjølkeproduksjon kombinert med svinehald** på Jæren fekk redusert jordbruksinntekta per årsverk med kr 100 000, men var likevel den driftsforma som hadde høgast jordbruksinntekt per årsverk med kr 309 100. I alt er produksjonsinntektena om lag uendra, medan kostnadene er auka med knappe 4 prosent. Det er særleg dei faste kostnadene som har auka.

I alt auka mjølkemengda med under ein prosent og var på 192 800 liter. Årskutalet auka med 0,1 årsku til 28,4 årskyr. Omsett oksekjøt auka med 900 kg til 2 tonn. Omsett slaktegris auka med mindre enn ein prosent til 74 900 kg. Produksjon av smågris gjekk ned med 17 prosent, til 800 salbare smågris. Mjølkeprisen auka med 34 øre, til kr 4,45, prisen på svinekjøt auka med kr 0,39 per kg og storfekjøt med kr 1,51 per kg. Smågris-prisen auka med knappe tre prosent til kr 906 per selt smågris. Arbeidsinnsatsen auka med 14 prosent og var i 2010 2,3 årsverk à 1 845 timer. Auka arbeidsinnsats medverkar til at jordbruksinntekt per årsverk vert redusert. Det er få bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan gje store utslag for gruppa.

Mjølkeproduksjon er den mest vanlege driftsforma i begge regionane. For gruppa med mjølkeproduksjonsbruk på Jæren gjekk mjølkeproduksjonen noko ned frå 2009 til 2010. I gjennomsnitt hadde bruken i denne gruppa 31,1 årskyr, ein nedgang på 2,5 årskyr frå 2009. Omsett mjølk gjekk ned med nesten 11 prosent til 199 200 liter. Ytinga var ca. 7 100 kg per årsku. Mjølkeprisen auka med kr 0,36 til kr 4,67 per liter, men produksjonsinntektene vart likevel nesten 10 prosent lågare enn i 2009. Også kostnadene vart redusert med 10 prosent. Saman med redusert arbeidsinnsats på 6 prosent, til 3 200 timer, gjer at jordbruksinntekta per årsverk for denne gruppa ikkje gjekk ned med meir enn 6 prosent til kr 266 700.

Mjølkeprodusentane i dei andre bygdene i Rogaland og Agder auka si jordbruksinntekt med heile 19 prosent frå 2009 til 2010, til 206 700 per årsverk. Årskutalet var 18,7, ein nedgang på 0,6 årsskyr frå 2009. Ytinga per årsku auka med 250 kg til 6 930 kg, og omsett mjølk auka med 9 200 liter til 129 700 liter. Mjølkeprisen auka med kr 0,30 per liter, til kr 4,40. Arbeidsinnsatsen har vore stabil for denne gruppa dei siste åra og var i gjennomsnitt 1,7 årsverk. Moderat kostnadsvekst, auka produksjonsinntekter og reduserte rentekostnader førde til auke jordbruksinntekta i 2010.

Bruka med kombinert **mjølkeproduksjon og sauehald** i dei andre bygdene i Agder og Rogaland hadde 24,5 årsskyr og produserte 6 900 kg mjølk per årsku i 2010. Det er ein auke på 1,8 årsskyr frå 2009. Det vart omsett 154 100 liter mjølk. I tillegg hadde produsentane 108 vinterfôra sauere og dei produserte 2 430 kg lammekjøt. Prisen på lammekjøt auka med kr 2 frå året før, medan mjølkeprisen auka 32 øre. Kostnadsauke førde til at jordbruksinntekta gjekk ned 3 prosent, til kr 245 100. Også i denne gruppa er det få bruk, og endringar på enkeltbruk kan derfor gje store utslag.

Driftsoverskotet per bruk var i middel for Jæren kr 462 200 og for Agder og Rogaland andre bygder kr 292 900. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta og rente på innsett kapital.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 54 prosent av **dei samla inntektene til familien** for bruka på Jæren, ein nedgang på fem prosentpoeng frå 2009. Tilleggsnæringer utgjorde 2 prosent og lønsinntekt 34 prosent. Resten av inntekta er anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter. I resten av Agder og Rogaland utgjorde driftsoverskot frå jordbruket 36 prosent, ein nedgang på sju prosentpoeng frå 2009, frå tilleggsnæringer 13 prosent, ein auke på 4 prosentpoeng, og frå skogbruket 1 prosent. Lønsinntekt utgjorde 34 prosent av familiens samla inntekter, det same som i 2009. Resten er anna næringsinntekt, pensjonar og kapitalinntekter.

Nettoinvesteringa på bruka på Jæren har vore høg, men gjekk i 2010 ned med heile 76 prosent frå 2009, og var i gjennomsnitt på kr 65 100. Dei andre bygdene i Agder og Rogaland hadde gjennomsnittlege nettoinvesteringar om lag på storleik med Jæren, der var nettoinvesteringa kr 61 100, ein nedgang på 58 prosent frå 2009. Også for gjennomsnittet av alle bruka i driftsgranskingane viser resultata mykje lågare nettoinvesteringar enn i 2009.

Samla **gjeld** har i snitt auka med 8 prosent per bruk, til kr 3 525 000 for bruka på Jæren. Rentekostnaden auka med kr 6 600 til kr 127 900. For resten av Rogaland og Agder er den gjennomsnittlege gjelda auka med 13 prosent, til kr 2 636 400, medan rentekostnadene, kr 86 700, var om lag uendra frå 2009.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** var kr 142 000 i 2009. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå Jæren kr 283 700 per årsverk. For dei andre bruka i Agder og Rogaland vert skattekorrigert jordbruksinntekt kr 248 800 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 24 800 per årsverk på Jæren og 26 900 i dei andre bygdene i Agder og Rogaland. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.


Alle dei presenterte resultata er middeltal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte her, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor sprenging i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 129 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.

Tabell 2.1 Samla oversikt for 2010

	Tal bruks-	Inn- marks- areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
			2009	2010	2009	2010	2009	2010
Rogal./Agder	129	289	386 300	357 200	244 100	237 100	270 200	263 000
Jæren	Jæren, alle	49	293	504 900	462 200	281 200	259 200	306 000
	100-199 daa	10	161	379 200	416 800	237 300	322 400	262 100
	200-300 daa	15	257	501 900	417 800	288 800	246 000	315 200
	300-500 daa	13	378	466 400	496 300	258 400	269 200	289 500
	> 500 daa	6	637	769 200	593 800	350 400	237 600	373 400
Mjølk	16	303	498 500	56 000	83 600	66 600	12 200	97 800
Mjølk/gris	10	321	852 000	735 500	408 800	308 300	438 000	333 400
Ag/Ro andre bygder	Andre bygder	80	287	315 200	292 900	218 400	221 600	245 400
	100-199 daa	27	158	213 900	159 500	181 400	156 800	208 400
	200-300 daa	15	248	354 900	342 000	234 050	252 300	260 800
	300-500 daa	19	368	311 200	293 400	195 300	225 000	223 900
	> 500 daa	13	595	515 100	520 100	267 200	250 500	288 600
Mjølk	29	278	282 500	303 800	174 100	206 700	200 900	235 200
Mjølk/sau	11	447	470 000	430 400	254 200	245 500	279 800	272 100

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer i perioden 2001–2010


3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland frå 2001 til og med 2010. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; *Jæren* og *Andre bygder*. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka og Rogaland utanom Jæren, og vil i den vidare teksten berre bli omtala som *Andre bygder*. For området Jæren er det for 2010 tal frå 49 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa Andre bygder er det 80 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som viser utviklinga for heile landet. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultata i dette kapittelet er om rekna til 2010-kroner etter konsumprisindeksen.


3.1 Resultatmål i jordbruket

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke vederlag til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital.

Bruka på Jæren har hatt det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden, men dei siste åra har Jæren hatt ein noko dårligare utvikling enn landsgjennomsnittet, slik at skilnaden har blitt mindre.




Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike områder




Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke

Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelpe) og til forrenting av eigenkapitalen. Jæren har, med unntak av 2004, lege over landsgjennomsnittet, medan Andre bygder i større grad har følgt utviklinga for landsgjennomsnittet.




Figur 3.3 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, Jæren og Andre bygder sammenlikna med gjennomsnitt for landet




Figur 3.4 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for ulike driftsformer

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimer. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering. På grunn av generell nedgang i rentenivå i 2009 vart kalkulasjonsrenta redusert frå seks prosent i 2008 til tre prosent i 2009 og 2010.




Figur 3.5 Lønsevne per time, gjennomsnitt for Jæren og Andre bygder samanlikna med landet




Figur 3.6 Lønsevne per time, ulike produksjonar, Jæren og Andre bygder

3.2 Totaløkonomi


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringer, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.



Figur 3.7 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet



Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt, Jæren




Figur 3.9 Prosentvis fordeling av samla inntekt, Andre bygder

3.3 Nettoinvesteringar, gjeld og soliditet


Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivingar, investeringstilskot og verdien av selde eidedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Dei høge investeringane i 2004, 2005 og 2006 (figur 3.10) kan vi sjå i samanheng med auka konsesjonsgrenser i 2003 for svine- og fjørfeproduksjon. Etter fleire år med høg investering på Jæren, vart snittet for nettoinvesteringar for 2007 noko lågare enn tilsvarande for Andre bygder. I 2010 var investeringsnivået lågt, etter fleire år med høg nettoinvestering.




Figur 3.10 Nettoinvesteringar i jordbruk per bruk, Jæren og Andre bygder sammenlikna med landet

Gjeld er her all gjeld til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. Gjelda har vore aukande gjennom heile perioden, både for Jæren, Andre bygder og for landet. Dei to regionane i Agder og Rogaland ligg noko over landsgjennomsnittet, og i 2010 hadde bruka på Jæren i gjennomsnitt drygt 3,5 mill. kr i gjeld, medan bruka i resten av Agder og Rogaland hadde 2,6 mill. kr i gjennomsnittleg gjeld.



Figur 3.11 Gjeld i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet



Figur 3.12 Gjeldsprosent per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet

3.4 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og gradvis auka sidan da. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget er uendra dei siste fire åra. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatløfta i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatløfta. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksamhet eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2010 galdt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 54 200 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 54 200 og opp til kr 328 575 vart frådraget kr 54 200 pluss 32 prosent av all inntekt over kr 54 200. Maksimalt frådrag ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 328 575. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 28 prosent av jordbruksfrådraget.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 33 prosent marginalskatt, varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 28 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,67. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle brukna i driftsgranskningane i 2010 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 108 600. For Jæren låg frådraget litt over det nivået, kr 114 000, og for brukna i dei andre bygdene i Agder og Rogaland kr 109 800. Ein del av deltararne har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt.

Jordbruksfrådrag føreset at skatteyar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivingar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 54 200 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 328 575.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntekts-verknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	181	69	17	99 000	27 700	31 300
Austlandet, andre bygder	132	45	10	68 600	27 600	28 100
Jæren	49	29	3	114 000	31 900	24 500
Agder/Rogaland, andre bygder	80	33	3	109 800	30 700	26 900
Vestlandet	163	75	8	111 900	31 300	27 300
Trøndelag flatbygder	68	32	2	111 900	31 300	31 900
Trøndelag, andre bygder	59	36	0	123 600	34 600	28 100
Nord-Noreg	103	60	2	120 000	33 600	29 000
Alle	835	379	45	108 600	29 400	28 500

Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Jæren


Arealgruppe <i>Jæren</i>	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frå- drag	Jordbruks- frådrag	Skatte- reduksjon	Inntekts- verknad per årsverk
100–200 daa	10	6	1	108 700	30 400	32 500
200–300 daa	15	9	2	108 800	30 500	26 900
300–500 daa	13	8	0	120 700	33 800	26 600
over 500 daa	6	4	0	126 400	35 400	21 800

Tabell 3.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Andre bygder Agder og Rogaland

Arealgruppe <i>Andre bygder</i>	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frå- drag	Jordbruks- frådrag	Skatte- reduksjon	Inntekts- verknad per årsverk
100–200 daa	27	5	2	87 400	24 500	30 100
200–300 daa	15	6	1	118 200	33 100	29 500
300–500 daa	19	9	0	119 700	33 500	30 800
over 500 daa	13	10	0	134 200	37 600	23 400

Tabell 3.4 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frå- drag	Jordbruks- frådrag	Skatte- reduksjon	Inntekts- verknad per årsverk
<i>Jæren</i>						
Melk	16	11	0	129 700	36 300	31 200
Melk-svin	10	8	0	136 800	38 300	25 100
Melk-sau	7	6	0	121 800	34 000	23 900
<i>Andre bygder</i>						
Melk	29	12	0	118 300	33 100	28 500
Melk-sau	11	6	0	129 000	36 100	26 700
Sau	9	1	0	74 800	20 900	29 900



Figur 3.13 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering

4 Driftsgranskingane gjennom 100 år

I 2011 feira Driftsgranskingar- i jord og skogbruk 100 år. Driftsgranskingane vart starta av Selskapet for Norges vel i 1910, og dei første resultata var for perioden 1.4.1911–31.3.1912. Starten fall saman med slutten på ein stor omstettingsperiode for norsk landbruk. Etter kvart som naturalhushaldet vart erstatta med omsetning av jordbruksvarer, auka interessa for økonomi og rekneskapsføring i landbruket. Håkon Five samla i 1907 inn av ein del data frå 140 bønder på Austlandet, og fekk inn data om «enkelte sider ved landbrukets driftsforhold». Sidan det ikkje fanst rekneskapsføring, var det umogeleg å få inn data om inntekter og utgifter. Five studerte pågåande opplegg i fleire land, og fann til slutt det han leita etter i Sveits; Innsamling av data frå rekneskap på enkeltbruk og kontinuitet frå år til år. I 1910 vart Five tilsett som konsulent i Norges vel, og starta opp med driftsgranskingane. I starten var det berre bruk frå Austlandet og Trøndelag. I 1917 var alle landsdelar representerte. Systemet var enkelt i starten, og alt var gratis for dei som deltok. Nye ting vart tekne inn etter kvart som systemet vart utbygd. I starten følgde rekneskapsåret avlingsåret, det vil seie frå 1. april eitt år til og med 31. mars året etter. Dette prinsippet vart nytta fram til 1954 då rekneskapsåret vart harmonisert med kalenderåret samtidig som det vart innført rekneskapsplikt og noteringsplikt i landbruket.

Formålet med granskingane frå starten var å skaffe grunnlag for driftsøkonomisk analyse og planlegging. Det var viktig å spreie kunnskap om rekneskap som styringsverktøy i gardsdrifta. Bak låg også ønsket å auke produksjonen av jordbruksprodukt og betre dei økonomiske kåra for bonden. Det var også ei viktig kjelde for undervising og rettleatingsarbeid. Driftsgranskingane skulle også vise den økonomiske utviklinga i landbruket generelt og vise utviklinga på grupper av bruk når det galdt innsats av produksjonsmiddel, produksjon og økonomisk resultat.

Første året var det med berre 39 bruk. Tal deltakarbruk passerte 100 i 1915, 200 i 1928 og 300 i 1935. Ved dei ordinære driftsgranskingane var det lenge vanskeleg å få små gardsbruk representerte. For rekneskapsåret 1932–1933 var det for første gong ei eiga gransking for småbruk. Dei fleste deltakarbruka hadde mindre enn 50 daa innmarksareal. Dei viktigaste resultatmåla for jordbruket i desse to granskingane var netto avkasting og forrentingsprosent. I tillegg vart driftsinntekter og driftsutgifter presenterte. Dessutan var det med opplysningar om eigedalar, hushaldsutgifter og privatforbruk. Både tal for enkeltbruk og gjennomsnitt for grupper vart presenterte. Fram til 1954 var det i stor grad resultat per dekar som vart presentert, seinare har resultat per bruk vore det viktigaste.

Då Norges landbruksøkonomiske institutt vart oppretta i 1947, overtok det driftsgranskingsarbeidet frå Norges vel. Dei to granskingane vart slegne saman til ei gransking, «Driftsgransking i jordbruket». Første publikasjonen kom ut i 1948, og omfatta rekneskapsåret 1946/47. I alt 302 bruk deltok i granskingane første året etter NLI overtok, over halvparten var frå Austlandet. Det vart bestemt å auke til 1 000 delta-karbruk i løpet av to år, og sidan har deltakartalet vore om lag på dette nivået med ein liten reduksjon dei siste åra. I 2010 var det med 835 enkeltbruk og 34 samdrifter med mjølkeproduksjon i driftsgranskingane.

Samtidig med målet om 1 000 bruk i driftsgranskingane i 1947, vart det søkt å gjere deltakarbruka mest mogeleg representative for område og brukstypar. Publikasjonen frå 1948 omfatta klimatiske forhold i vekstssesongen, marknads- og prisforhold og oversikt over lønsvilkår til tilsett i tillegg til rekneskapsundersøkingane. Areal- og avlingsopp-

lysningars, produksjonsdata frå husdyrhaldet og arbeidsforbruk var sentralt alt den gongen i tillegg til økonomidata som innsett kapital, inntekter og kostnader. Inndeling etter region og storleik har vore nytta sidan den gongen, og resultatmål som lønnsevne og familiens arbeidsforteneste vart presentert. Privatøkonomien har vore ein del av granskingane heile tida. Frå 1947 kom kravet om at deltakarane skulle vere yrkesmessig drivne bruk. Med dette kravet forsvann mange av dei små brukna ut av driftsgranskingane.

Fram til 1947 var det 4 storleiksgrupper delt inn etter areal. Det var bruk mindre enn 100 dekar, 100–200 dekar, 200–300 dekar og over 300 dekar. Frå 1947 vart det 6 storleiksgrupper som samsvarar med dei vi har hatt fram til i dag, mindre enn 50 dekar, 50–100 dekar, 100–200 dekar, 200–300 dekar, 300–500 dekar og over 500 dekar. Inndelinga i landsdelar er også justert i løpet av dei 100 åra. I starten var det Austlandet, Trøndelag, Vestlandet, Sørlandet (inkludert Rogaland) og Nord-Noreg (Nordland). Frå 1954 vart inndelinga gjort etter naturlege jordbruksområde. Dagens inndeling i 8 område er ein kombinasjon av landsdelar og produksjonsforhold og kom i 1972.

I den første tida hadde gardsbruk flest allsidig produksjon og var lite spesialiserte. Etter kvart som utviklinga gjekk i retning av meir spesialisering, såg ein trangen for å dele inn materialet også etter driftsform. Ein viktig føresetnad for å få dette til var at ein i 1963 tok i bruk holkort og EDB-maskiner for maskinell behandling av data. Utan dette hjelpemiddlet hadde det vore for arbeidskrevjande reknearbeid å gjennomføre denne reforma. Driftsforminndeling av materialet vart fullt ut gjennomført i 1964.

Kombinasjonen jord- og skogbruk har alltid vore vanleg i norsk landbruk. Driftsøkonominisk forsking i skogbruket var eit forsømt felt frå starten av driftsgranskingane. I 1950 starta ein eit forsøk med driftsgransking for skogbruket finansiert av Noregs landbruksvitenskaplege forskingsråd (NLVF). Gardsskogbruket vart først omtala i driftsgranskingspublikasjonen frå 1962, og omfatta ei gransking av alle deltakarbruka i Vest-Agder. Kontinuitet i arbeidet vart det først frå 1964, og frå ein beskjeden start med 16 bruk frå Agder og Trøndelag, auka deltakinga i skogbruksgranskingane opp til om lag ein firedel av deltakarane, noko som førde til namneskifte på publikasjonen i 1972 til Driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

Endringar i landbruket og teknologisk utvikling har medført metodiske og andre endringar opp gjennom historia. Innføring av IT-teknologi har gitt større høve til å bruke materialet til fleire formål og å omfatte fleire område. I 1972 starta registrering av rekneskapane elektronisk. Frå 1991 er alle driftsgranskingsdata samla i eigen database i NILF, og frå 2001 er svært detaljerte data frå granskingane tilgjengelege elektronisk. Undersøking av fellesfjøs vart første gong gjort i 1947 og seinare av og til. Frå og med 2005 er resultat frå samdrifter i mjølkeproduksjonen med i den årlege publikasjonen. Det same galdt resultat frå økologisk mjølkeproduksjon. Ei stor satsing frå det offentlege på tilleggsnæringer ført til at det vart gjort separate registreringar i driftsgranskingane på tilleggsnæring frå 1997. Ei omlegging og ny strukturering av tilleggsnæringsdata frå 2005 gjer at ein kan følge utviklinga på området med tanke på økonomi, omfang og distriktsvis utbreiing. Vektlegging av skattefordelar som ein viktig del av inntekter i jordbruket frå 2000 har gjort at jordbruksfrådraget er registrert og presentert i publikasjonen.

Stadige endringar i næring og samfunn gjer at driftsgranskingane må tilpasse seg nye fagområde og ny teknologi. Samarbeid med andre land som driv liknande granskingar, gjev også nye impulsar. Bruk av materialet til miljø- og klimaforsking set nye krav til kvalitet og detaljgrad. Samtidig er kontinuiteten i materialet ein viktig styrke for driftsgranskingane og gjer det verdfullt til mange formål.

5 Tabellsamling 2006–2010

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2006–2010. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda Jæren og andre bygder i Agder og Rogaland. For områda er det presentert tal for heile område, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpende, og kvar tabell er delt inn i seks delar, a, b, c, d og e. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneholder opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b er nettoinvesteringane vist. I del c, produksjonsinntekter og i del d, kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstilskot og variable og faste kostnader. Del e, resultat, viser ulike resultatmål og i den siste delen f, balanse, viser ein oversikt over balansen per 31.12.

Samlinga inneheld følgjande hovudtabellar:

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøtproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
14. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøtproduksjon
15. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
16. Fylkestal, Aust Agder, potet og grønsakproduksjon
17. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr
18. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr
19. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr

Tabell 1a Fylkestal, Rogaland
Produksjonstekniske data og oppnådde prisar

År	2006	2007	2008	2009	2010
Tal bruk	80	81	74	76	78
Alder på brukar	44	44	44	46	47
Arealfordeling og avling					
Korn, daa	7,2	7,2	6,2	7,8	12,2
Grovfør, daa	255,6	264,9	292,6	282,1	278,8
Anna areal, daa	3,7	3,5	4,8	1,9	1,5
Jordbruksareal, daa	266,4	275,6	303,7	291,8	292,4
- herav leigd areal, daa	78,6	88,5	109,3	98,8	97,0
Korn, FEm pr daa ¹⁾	601	434	492	532	509
Grovfør, FEm pr daa	454	439	425	422	390
Jordbruksareal, FEm pr daa	453	434	420	425	395
Husdyrproduksjon					
Tal årskyr	19,3	18,1	18,8	18,9	17,5
Kumjølk, liter omsett	119 360	116 835	121 765	124 721	112 759
Mjølkekvote	119 325	117 012	121 778	128 187	119 730
Produsert mjølk pr årsku, kg	7 071	7 207	7 241	7 364	7 136
Storfekjøt, kg omsett	4 872	4 325	5 126	4 985	4 752
Tal avlsgriser	7,8	9,7	10,7	11,1	11,8
Salbare smågriser	177	206	225	259	239
Svinekjøtslaktegris, kg omsett	5 523	6 296	5 177	9 593	11 168
Tal vinterfôra sauher (vfs)	41	52	58	57	57
Kg kjøt pr vfs	27	26	25	29	26
Ull, kg omsett pr vfs	4,8	4,8	5,1	4,6	4,3
Arbeidsforbruk, timer					
Brukar	2 111	2 113	2 111	2 108	2 079
Ektefelle	458	408	279	280	291
Barn under 17 år	35	23	24	29	30
Sum familie	2 603	2 544	2 413	2 417	2 400
Leigd arbeid	953	950	919	1 020	948
Sum timer i jordbruket	3 557	3 495	3 332	3 436	3 348
Sum timer i skogbruket	15	16	14	20	17
Sum timer tilleggsnæring	72	92	160	166	167
Familiens arbeid på nyanlegg	60	65	77	61	44
Familiens arbeid i anna verksemid i alt	1 277	1 393	1 339	1 316	1 455
Oppnådde prisar					
Bygg, kr pr kg	1,60	1,55	1,90	2,15	1,89
Havre, kr pr kg	1,30	0,00	0,00		
Kumjølk, kr pr l	3,58	3,86	4,07	4,18	4,53
Kukkjøt, kr pr kg	29,47	31,38	33,41	36,34	35,67
Anna storfekjøt, kr pr kg	34,99	36,86	40,11	42,86	42,96
Smågris for sal, kr pr stk.	746	905	989	888	936
Svinekjøtslaktegris, kr pr kg	20,16	22,04	22,92	25,26	23,59
Sau- og lammekjøt, kr pr kg	31,36	34,92	39,50	38,74	40,71
Ull, kr pr kg	33,58	30,27	31,31	29,56	29,02

1) inkl. nytta halmavling

Tabell 1b Fylkestal, Rogaland, nettoinvesteringar

År	2006	2007	2008	2009	2010
Jord, grøter og vassanlegg	5 882	4 496	7 639	31 559	36 686
Driftsbygningar	121 667	103 390	103 989	144 379	21 786
Maskinar og reiskap	-6 750	35 226	37 889	15 201	6 356
Mjølkekvote (ku og geit)	15 896	649	13 831	25 397	13 403
Sum nettoinvesteringar	136 694	143 760	163 348	216 536	78 230

Tabell 1c Fylkestal, Rogaland, produksjonsinntekter

År	2006	2007	2008	2009	2010
Korn	5 608	3 353	4 225	7 441	11 405
Andre planteprodukt	118 811	138 726	140 999	127 360	127 878
Planteprodukt i alt	124 420	142 079	145 224	134 801	139 283
Storfø, mjølk	427 082	451 152	495 185	521 755	510 355
Storfø, livdyr	23 216	30 593	21 654	26 926	35 522
Kuslakt	66 508	67 756	79 673	91 348	75 486
Anna storfeslakt	92 451	106 532	131 615	132 673	121 343
Smågris	103 853	164 234	179 474	158 234	154 717
Slaktegris	114 409	138 103	131 211	241 204	266 638
Avlsgris	21 049	27 644	38 727	35 715	19 155
Sauer, livdyr og slakt	36 868	54 851	67 920	67 498	63 456
Ull	6 178	7 515	9 264	7 759	7 044
Andre inntekter, husdyrhald	49 266	58 327	35 020	26 820	83 179
Husdyrprodukt i alt	940 880	1 106 706	1 189 742	1 309 932	1 336 893
Kulturlandskapstilskot	¹⁾ 41 462	47 777	48 403	46 473	45 692
Arealtiskot, grovfôr	12 389	14 783	16 008	16 274	14 495
Arealtiskot, korn	1 454	1 427	1 102	1 245	1 674
Produksjonstillegg, husdyr	99 830	103 380	113 102	128 138	124 966
Botnfrådrag	-5 313	-5 444	-4 432	-3 302	-3 300
Drifts-, grunn og dist tilskot	67 427	64 897	70 261	72 981	77 333
Beitetiskot	5 340	14 030	17 853	21 775	27 966
Regionale miljøtilskot	3 679	5 192	4 250	6 803	6 024
Refunderte avløysarutgifter	54 035	50 708	58 146	59 334	56 904
Andre tilskot	4 764	5 744	4 854	15 693	14 609
Tilskot i alt	285 068	302 495	329 546	365 414	366 364
Leigeinntekt, traktor og reiskap	5 938	8 836	13 434	8 110	11 179
Andre inntekter	9 611	9 352	7 067	4 766	8 042
Produksjonsinntekter i alt	1 365 916	1 569 467	1 685 014	1 823 023	1 861 761

Tabell 1d Kostnader pr bruk

År	2006	2007	2008	2009	2010
Kraftfôr	282 375	319 891	356 587	428 861	450 635
Anna forkostnader inkl. beiteleige	21 860	23 012	27 924	22 042	38 559
Såvarer	11 968	12 102	15 144	11 361	11 036
Handelsgjødsel og kalk	41 528	41 494	50 825	49 396	46 383
Plantevernmiddele	3 106	4 214	5 354	4 118	4 560
Konserveringsmiddel	8 933	8 925	10 017	9 600	8 981
Andre forbruksartiklar m.v.	85 901	91 270	96 554	121 101	135 628
Kjøp av dyr	79 970	91 452	64 991	106 455	117 644
Sum variable kostnader	535 640	592 360	627 397	752 933	813 425
Leidg arbeid	99 071	105 333	113 379	121 453	118 792
Drivstoff	15 382	17 434	26 071	20 052	20 607
Vedl.h. jord, vegar, grøfter og vassanl.	8 390	6 119	10 864	12 138	10 577
Vedl.h. driftsbygningar	42 140	42 358	45 892	52 936	53 641
Vedl.h. traktor og maskinar	43 669	49 321	48 462	46 114	43 814
Avskr. jord, vegar, grøfter og vassanl.	4 382	4 539	4 191	4 132	3 916
Avskr. driftsbygningar	73 308	81 893	85 654	89 957	91 006
Avskr. traktor og maskinar	37 151	43 094	46 223	42 631	41 837
Maskinleige	44 187	58 536	62 721	72 469	69 760
Leige av dyr	¹⁾ 0	2 631	6 570	11 464	12 182
Leige av bygningar	¹⁾ 0	4 782	5 942	2 554	3 063
Leige av kvote	¹⁾ 0	247	2 453	5 389	3 448
Andre faste kostnader	126 541	129 581	139 088	141 984	158 418
Sum faste kostnader	494 220	545 869	597 511	623 273	631 061
Kostnader i alt	1 029 861	1 138 229	1 224 908	1 376 207	1 444 486
Netto mek.kostnader pr FEm totalavl.	1,20	1,46	1,47	1,48	1,52
Netto mekaniseringskostnader pr daa	544	634	616	628	600

¹⁾ Var tidlegare ein del av arealtiskotet

²⁾ Var tidlegare rekna inn i maskinleige

Tabell 1e Fylkestal, Rogaland, resultatrekning

År	2006	2007	2008	2009	2010
Resultatrekning i jordbruket					
Driftoverskot	336 056	431 238	460 106	446 816	417 274
- Renter av jordbruksaktivat ¹⁾	98 824	143 863	152 414	97 718	100 775
Familiens arbeidsforteneste	237 231	287 375	307 693	349 098	316 499
Familiens arbeidsforteneste pr årsverk	153 291	189 476	214 166	242 845	226 092
Lønsevne	336 302	392 708	421 072	470 551	435 291
Lønsevne pr. time	94,56	112,37	126,39	136,95	130
Vederl. til arb. og eigenkap. pr årsverk	202 733	251 388	266 401	264 581	252 926
Vederl. til fam. arb. og egenkap. pr årsverk	188 513	244 512	255 914	258 280	242 959
Rekneskapssamdrag					
Driftoverskot, jordbruk	336 056	431 238	460 106	446 816	417 274
